

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordfører gav slikt svar:

Hordaland fylkeskommune som har ansvaret for det konkrete prosjektet Åsane vgs og kulturhus, har svært strenge kontraktskrav knytt til lønns- og arbeidsforhold. Krava blir følgt opp gjennom månedlege rapporteringar frå entreprenøren og revisjonar frå byggherren i samarbeid med spesialkompetanse.

Det er inngått ein avtale med Skatteetaten knytt til felles innsats mot arbeidslivskriminalitet. Avtalen gjeld for utvalde bygge- og anleggsprosjekt . Utveljinga skjer i samråd med Skatteetaten. Prosjektet omhandlar både kontroll av personer oppgitt i mannskapslistar og byggeplasskontroll. Det blei gjennomført byggeplasskontroll for prosjektet Åsane vgs og kulturhus 02.10.2019. Det er kontrollert totalt 159 personar som arbeider eller har arbeidd på dette prosjektet.

Som følgje av Heismontørernes fagforeiningens besøk på byggeplassen, så er det følgt opp arbeidsvilkår for spesielt det britiske selskapet Professional Lift Trade Works Ltd (PLTW) og dei to ungarske arbeidarane som dei har på byggeplassen. Det er også gjennomført møte med leiinga i selskapet som HFK har totalentreprise med. Motteken dokumentasjon så langt tyder på at lønns- og arbeidsvilkår er innanfor kontrakten og det norsk regelverket, men forholdet vil bli fylgt opp med ytterlegare møte og med førespurnad om meir detaljert innsyn i vilkåra.

Det er også gjennomført eit møte med fleire representantar frå fagforeininga for å få innsyn i den kunnskapen dei har om saka. Fylkeskommunen ser på fagforeininga som ein viktig medspelar i arbeidet med å sikra lovlege og gode lønns- og arbeidsvilkår i våre prosjekt.

Tilgang til fylkeskommunen sine byggeplassar skal ut frå HMS-omsyn, avgrensast til arbeidarar som har oppgåver på byggeplassen og som har gjennomgått og signert personleg sikkerheitsinstruks. Andre besøkande inkludert medlemmer frå fagforeininga, må ha avtala besøk og gå i fylgje med person i prosjektet som har nødvendig sikkerheitsopplæring. Vi vil oppmoda våre entreprenører til å strekka seg langt i å kunna følgja tillitsvalte rundt på byggeplassen også ved besøk som ikkje er meldt på førehand.